

# Region vest




FOTO: PER BJØRNSBÅKKE

FOTO: PRIVAT

## BYGGER BARNEHAGE I SENTRAL-ASIA

Vår utsending opplever å være avhenging av Guds veiledning både i relasjonsbygging og arbeid, i en ny kultur med korrupsjon. Flere områder i Sentral-Asia opplever en stille vekelse midt i politisk uro og streng kontroll.

LES MER PÅ SIDE 10-11

### NY FORKYNNA

**Israel Mandujano** (62) arbeider som forkynnar i regionen dette semesteret. Dei siste åra har han vore misjonær for NLM i Peru.



Israel Mandujano er frå Lima i Peru. Som ungdom møtte han misjonskallet. Det førde han til Norge, gjennom arbeidet på skipet Doulos (Operation Mobilisation), som besøkte Norge i 1984. Her traff han Anne Marie, som han kom tilbake og gifta seg med i 1987. Etter det har dei budd dei fleste åra i Norge. Men dei har og vore misjonærer i Spania for International Fellowship of Evangelical Students (IFES) og i Peru for NLM.

Israel har studert og undervist på NLA, og han har doktorgrad i misjonsteologi frå VID Misjonshøgskulen. Han har litt ledig tid på timeplanen, så ta kontakt med regionkontoret om de ønskjer han til møte eller foreningsbesøk.

GRO BJØRNDAL



### REGION VEST

**Adresse:**  
Sigurds gate 6,  
5015 Bergen

**Telefon:** 55 90 48 00

**E-post:** vest@nlm.no

**Gavekonto:** 8220. 02. 90131

**Ansvarlig redaktør:**  
Per Byrknes

## INNSPILL



**PER BYRKNES**  
regionleder

## En ny begynnelse

En eldre mann flyttet inn i en aldersbolig. Det tok ikke lang tid før han hadde fått flere venner blant de andre beboerne. Blant dem var det en dame han var spesielt tiltrukket av, og det viste seg å være gjensidig. De brukte mye tid sammen. En kveld bestemte han seg for å fri til henne og spurte om ikke de burde gifte seg. Neste morgen da han våknet husket han selvsagt at han hadde fridd kvelden før, men kunne ikke huske hva hun svarte. Han gikk da til henne og sa:

- Jeg er veldig flau over å måtte innrømme dette, men jeg husker at jeg fridde til deg i går kveld, men kan ikke huske om du sa «ja» eller «nei».
- Å, tusen takk! svarte hun.
- Jeg husket jeg sa «ja» til noen i går kveld, men kan ikke huske hvem som spurte.

**Løftebrudd.** Vel, dette er bare en morsom historie vi kan flire litt av. Samtidig tar den opp et poeng som jeg tror de fleste av oss er berørt av. Vi gir løfter, og deretter glemmer vi hva vi har lovet. I disse tider tenker jeg særlig på nyttårslofter.

Du har nettopp begynt på en ny side i boken om ditt liv. Kanskje har du bestemt deg for å trene regelmessig og samtidig gå ned i vekt? Eller du har bestemt deg for å bruke mer tid med Bibelen og i bønn til Gud? Starten på et nytt år er gjerne en tid for refleksjoner og nødvendige kursjusteringer.

La oss reflektere litt over de holdninger som ligger i de ordene Paulus skrev til Filipperne:

*«Jeg mener ikke at jeg alt har nådd dette, eller alt er fullkommen, men jeg jager fram mot det for å*

*gripe det, fordi jeg selv er grepet av Kristus Jesus. Mine søsken, jeg tror ikke om meg selv at jeg har grepet det. Men én ting gjør jeg: Jeg glemmer det som ligger bak, og strekker meg etter det som er foran, og jager fram mot målet, mot den seiersprisen som Gud fra det høye har kalt oss til i Kristus Jesus.» (Fil 3,12–14)*

**«Paulus mistet ikke motet selv om det ikke gikk akkurat slik han hadde håpet, men så frem mot målet.»**

**Ultimate forbilde.** Jesus er vårt ultimate forbilde. Ved siden av ham må en av de mest innflytelsesrike kristne som har levd, være Paulus. Han var en mann som levde livet fullt ut. I Filipperne 3 har vi Paulus sin selvbiografi. I den første delen av kapitlet snakker han om sin fortid. Her snakker han om sin nåtid og fremtid. Paulus mistet ikke motet selv om det ikke gikk akkurat slik han hadde håpet, men så frem mot målet, det fullkomne.

Vi går på en smell noen og enhver av oss. Løfter vi gir oss selv og andre holder ikke alltid så lenge. Hvis du har opplevd noe lignende, så håper jeg du setter deg ned og tar deg tid til å lese hele kapittel 3 i Filipperne. Her viser nemlig Paulus hva det vil si å leve i den virkelige verden som kristen.



# MULIGHETER

Midt i vanskelighetene møter vi frimodige lokale kristne som priser Gud for den åndelige hunger og tørst blant folket. – Den der Jesus, han liker jeg. Han er en profet...» sa en kvinne.

#### TEKST UTSENDING I SENTRAL-ASIA

Når en muslimsk kvinne uttrykker sin takknemlighet for Jesus, er det klart at Gud fører oss til de riktige menneskene til rett tid. Når det da viser seg at Jesus hadde dukket opp i en drøm en del år tidligere, og at hun hadde hatt en kristen venn som ga henne et NT, er det klart at dette er Guds verk. Han leder, og det var han som plasserte en i teamet ved siden av denne naboen, slik at hun kunne bli



# R I SENTRAL-ASIA

FOTO: PRIVAT

kjent med Jesus. Gud hadde allerede startet sitt arbeid i kvinnen, og så får vi være en del av det han gjør. Han leder oss på den rette vei.

**AVHENGIGHET.** For meg har det blitt så klart hvor avhengige vi er av Guds veiledning, både i relasjonsbygging og i arbeid. Vi er alle avhengige av Gud, men i en ny kultur med korrupsjon ble det enda klarere.

Selv i det praktiske ser vi hvor avhengige vi er av Gud. Vi har begynt prosessen med å starte opp en ny førskole. Det er et godt verktøy for å bygge relasjoner der tro og liv kan deles. Planen er å kjøpe et hus, og gjøre det om til en førskole. Oppstarten vil være i september.

Vi er for tiden på utkikk etter et hus, men

i vårt land i Sentral-Asia eier myndighetene tomten, og du får bare kjøpe bygningen. De har rett til å ta stedet tilbake når som helst. Det er byggeplaner, men disse kan endres når som helst. Midt i dette stoler vi på at Gud leder og har et sted for oss som han har forbedret. Vi tror at han også vil lede familier som søker Gud til førskolen, og at «folket som vandrer i mørket, skal se et stort lys.»

– **FRYDER MEG.** Det er et privilegium å være her og vite at du ber for oss og for landet. Jeg fryder meg over å se hvordan Gud åpner opp en forberedt sti som vi kan gå på.

«For vi er hans verk, skapt i Kristus Jesus til gode gjerninger, som Gud på forhånd har lagt ferdige for at vi skulle vandre i dem.» Ef 2,10



Fra venstre Mari Hollås Moen, Ida Stai Bolstad og Eir-Hild Svanheld kosar seg på KUL sin juleavslutning

FOTO: TROND KRÅVIK

## VEKST FOR UNGDOMSKLUBBEN

KUL (Kristen Ungdom Luster) vart starta opp i 2014 på bedehuset i Gaupne. Me startar med ein times aktivitet i ein gymsal som ligg rett ved Bedehuset, deretter går me til bedehuset kor me får servert god mat, ein andakt og har mykje kjekke aktivitetar. Dei siste åra har me sett ein positiv auke i talet på deltakarar på ungdomsklubben. No er det omlag 30–50 ungdommar innom på bedehuset annankvar fredag, og stemninga er på topp. Me er heldige som har mange gode vaksne som er med både ute blant ungdommane og på kjøkkenet. Så er me så heldige og har eit knallbra ungdomsstyre som er ivrig med å forma kveldane best mogleg for ungdommane i Luster.

**JONATAN HURTHI**  
LEDER FOR UNGDOMSSTYRET

FØLG REGION VEST  
I SOSIALE MEDIER



NLM region vest



nlungvest  
nlmregionvest

# KONFIRMASJON PÅ BEDEHUSET

Ein grunnpilar for forsamlingane er å ha ei heilskapleg trusopplæring for alle aldrar. I det har konfirmasjonsundervisninga ein viktig plass.

TEKST GRO BJØRNDAL

Nokre forsamlingar har hatt konfirmasjon lenge, andre har kome til etter kvart. Fleire samarbeider med lokale indremisjonsforsamlingar, noko som gjer konfirmantkullet større og leiarbehovet mindre.

I Bergen var Salem ei stund saman med Betlehem. I dag har Salem åleine over 20 konfirmantar. Rundt halvparten høyrer til i forsamlinga, dei andre er venner av desse og andre som ønskjer konfirmasjon i NLM-samanheng. Ungdomar som har vore få eller åleine i forsamlingane rundt Bergen, har gjerne hatt undervisninga i Salem og konfirmasjon lokalt, eller vorte konfirmerte i Salem.

**KVIFOR?** I Sunnfjord samarbeider NLM Fjordane og Bygstad og Holmedal Indremisjonar på femte året.

Forsamlingane etterspurde eit eige konfirmantopplegg. Nokre er utmelde frå Dnk og ønskjer derfor dette, andre ønskjer konfirmasjon der familien har sin faste plass. Mange ønskjer også eit sterkare fokus på disippelskap.

Sjølv om det kan variera litt kva opplegg dei ulike forsamlingane brukar, ønskjer alle å gje konfirmantane ei tydeleg hjelp til å følgja Jesus. Både Salem og Tremor har undervisning i forkant av sine samlingar for aldersgruppa, og i Fjordane er ungdomssamlingar som Tabu og Crossroad lagt inn i opplegget som obligatoriske samlingar. Slik får ungdomane gode band både til arbeidet, til leiarane og til kvarandre. På heimlassen



FOTO: ØYVIND GANESH EKNES



Sosiale aktivitetar skaper fellesskap og glede. Her frå Sunnfjord.

FOTO: RUNHILD ØVREÅS

og i skulemiljøet er dei få kristne, og det gjer godt å koma saman og sjå at dei kan vera mange.

**MANGFALD.** Å reisa på tur saman gjer at dei vert betre kjende, og dei får meir tid til å gå djupare

inn i undervisningsstoffet. Men noko av målet er og å besøkje andre kyrkjer og forsamlingar, slik at dei får sjå litt av det kristne mangfaldet.

Konfirmasjonstida skal ikkje berre vera teori, men også praksis.

Mange har denne på gudstenestene i si forsamling. I Tremorkirken får ungdomane teneste i Tremor Night, som er deira ungdomsarbeid. Oppgåvene kan variera etter kva ønskjer og gåver den enkelte har.

## ETTER KONFIRMASJONEN.

Ei utfordring i kyrkje-Norge er å halda på ungdomane etter konfirmasjonstida. I Sunnfjord er det starta opp bibelstudie for denne aldersgruppa. Med store avstandar er det ei utfordring å få naturlege møtepunkt mellom ungdomane, men desse månadlege samlingane har hatt god oppslutning og har tydeleg vore ei god hjelp på vegen vidare. Andre har eit større ungdomsarbeid dei kan gå inn i. Mange held fram med oppgåver som hjelpeleiar på leir, eller som medleiar for dei neste konfirmantane. Slik får ungdomane veksa med oppgåvene, og dei vaksne leiarane får fortsetja relasjonen med dei vidare.



# BA TIL GUD OM EIN GOD SKULE

FOTO: FRODE BØTHUN

– Eg merka med ein gong eg kom til Sygna at her var folk heilt annleis enn eg var van med.

TEKST FRODE BØTHUN

Tomine Saltnes går tredjeklasse påbygg på Sygna og er travelt oppteken med alt ho har teke på seg av ansvar i russen. Som ein av to ansvarlege for russen sitt Indonesia-prosjekt er det mykje å tenkje på.

– Eg likar å vere med og bidra. Det gjer at eg kjenner eg er til hjelp – både i russen, men og for det viktige arbeidet vi samlar inn pengar til i Indonesia. Samtidig likar eg å ha litt kontroll – og når eg er ansvarleg, så har eg jo det.

**RETT VAL.** Tomine kom til Sygna i andre klasse, og ho merka med ein gong at ho hadde valt rett.

– Her på Sygna er det samhold mellom elev-ar og personale. Det merka eg den første dagen eg kom hit; personalet tok så godt imot meg – det virka nesten som dei kjende meg allereie første dagen. Det har eg ikkje opplevd før. Elevane er og venlege mot kvarandre – tonen er annleis enn der eg gjekk tidlegare.

Ho fortel at ho kom frå ein klasse med eit litt dårleg miljø og ein skule med få kristne.

– Mamma og eg ba om at vi måtte finne ein god skule eg kunne gå på. Så kom tante på besøk. Ho har gått på Sygna sjølv og anbefalte meg å byrje her.

**HJELPER KVARANDRE.** – Sjølv om vi som går her ikkje alltid meiner det same om ulike ting, så trur mange her på Jesus. Det er godt å kunne snakke om trua si med medelevar og vite at dei eg snakkar med ønskjer det same som meg – nemleg å finne ut av ting og bli tryggare på det vi trur på. I byrjinga var det litt rart for meg å merke at nokre hadde litt sterke meiningar om ting, men no tenkjer eg eigentleg at det er litt kjekt. Det gir meg mogelegheit til å reflektere over mine eigne synspunkt og eg trur det gjer meg tryggare på kva eg sjølv meiner.

Det er ikkje opplagt at by-jenta frå austlandet skal trivast i ei vestlandsbygd – men det gjer ho.

– Det eg saknar av ulike tilbod i byen får eg att i flott turterreng. Eg likar veldig godt å gå fjellturar – og det er enkelt her i Balestrand. Særleg når eg treng å vere litt åleine er det flott å ta ein tur ut.

Tomine går ein travel vår i møte med russe-revy, misjonsløp og innspurt i russeprosjektet. Ja, og eksamenar, sjølvsagt.

– Eg gruar meg litt til at Sygna-tida snart er over, men gleder meg til å få eksamenane overstått.

## REGIONÅRSMØTE 2021

Årets regionårsmøte blir lørdag 24. april og holdes flere steder samtidig.

Regionårsmøtet i fjor ble utsatt til oktober og da åpent kun for delegater, grunnet nødvendige smitteverntiltak. Selv om Norge nå har fått vaksine og noen befolkningsgrupper allerede er godt i gang med å bli vaksinert, så vet vi ikke hvordan våren og smittesituasjonen blir. Derfor har regionstyret valgt å gå for en desentralisert løsning også i 2021.

Lørdag 24. april håper vi unge og eldre setter av dagen til å være med. Ved å arrangere regionårsmøtet flere steder samtidig, ulike steder i regionen, håper vi at flere tar turen. Det planlegges for et eget barneopplegg under selve regionårsmøtet.

Delegater får tilsendt konkret informasjon senest en måned før. I tillegg vil vi informere på Facebook og nettsiden til nlm.no/vest Hvis du ikke har tilgang til internett, og heller ikke er delegat, så kan du ringe regionkontoret når det nærmer seg for mer informasjon.

## NYTT FRA KONGSHAUG

Det er merkelige tider vi gjennomlever disse dager.

TEKST ANKER GUNNAR TURØY

Der vi før oppfordret til nærhet og sosialt fellesskap, blir vi nå fortalt at distanse og isolasjon er tryggest. Og likevel – her på Kongshaug samler vi altså 129 ungdom fra hele landet på et forholdsvis lite areal.

**KREATIVT SMITTEVERN.** Risikosport vil nok noen kalle det – men vi opplever en fantastisk elevflokk som tar ansvar, er kreative, sammen med miljøarbeiderne Audhild og Julie, og finner måter å være sammen på som ikke utgjør risiko. Faktisk kan vi ikke huske å ha hatt så lite sykdom i internatet som dette semesteret.

Torsdagskirka har gått sin

gang så å si hver uke og vi har opplevd flotte samlinger. Gud er nær og berører oss og kaller til liv og tjeneste. Russens misjonsprosjekt til Etiopia er et fantastisk eksempel på dette. Den interaktive basaren fikk inn nesten 90 000!

**DIGITAL JULEKONSERT.** I år ble de tradisjonsrike julekonsertene nødvendigvis litt annerledes enn før. Vi måtte flytte fra Os kirke til Oseana Kunst og Kultursenter og vi hadde fem konserter i løpet av en dag, med 50 publikummere på hver konsert. Men vi livestreamet den ene konserten, og over 4000 så den på nettet. Høydepunkter kan du få med deg ved å gå inn på kongshaug.no.

Nå følger noen spennende måneder for oss på skolene. Vær



Glimt fra en av Kongshaugs mange julekonserter.

FOTO: MARIUS HAUGLAND SCHWARZ

med og be om at mange søker seg til skolene våre. Kanskje kjenner du noen som er interessert i musikk og skal begynne på videre-

gående? Vær frimodig og anbefal Kongshaug.

Takk for at du husker på oss i bønn – både elever og ansatte!

## RUSTER UNGDOM FOR LIVET

PitStop Sotra møter hver uke mange ungdommer som opplever at de lever i utenforskap. Pandemien har ført til en sosial isolasjon som bare rammer enda hardere blant de som allerede er isolerte og har sosial angst.

TEKST PER BYRKNES

Under koronapandemien må ungdommer med enkle forkjølelser holde seg hjemme, og dermed har oppfølgingen fra PitStop blitt sporadisk. Samtidig fikk flere arbeidsplasser vansker med å ta inn unge på arbeidstrening, både på grunn av smittefare og grunnet dårlig økonomi.

**MILJØ OG ARBEID.** – Marissa er en av dem som var klar for arbeidstrening allerede før sommeren i fjor, men på grunn av pandemien har ting tatt tid. I desember fikk hun heldigvis jobb i en matbutikk, én gang i uken. Vi håper at det blir til flere dager i uken i 2021, sier daglig leder for PitStop Sotra, Nils Ivar Brennhaug.



Nils Ivar Brennhaug, daglig leder for PitStop Sotra.

FOTO: REGION VEST

PitStop Sotra tar også samfunnsansvar for miljøet. I samarbeid med NLM Miljø vil PitStop Sotra i 2021 sette ut og betjene bokser til innsamling av brukte klær som arbeidstrening. Avfall reduseres ved å gjøre gjenbruk og

materialgjenvinning mulig. De tekstilene som ikke kan gjenbrukes skal så langt som mulig gå til materialgjenvinning, og dernest forbrenning til energigjenvinning.

**GODT OMDØMME.** – Mange er takknemlig for det diakonale tilbudet som Tremorkirken og NLM region vest står bak. «Tiden på PitStop har vært den beste i mitt liv» fikk en miljøarbeider i Øygarden kommune høre fra en av ungdommene. Mange gir positive tilbakemeldinger og vi ser at vi har fått et godt omdømme, sier Brennhaug.

Nå håper han at 2021 kan bli året der PitStop får en samarbeidsavtale med kommune og fylkeskommune slik at de betaler for tjenestene PitStop leverer. Inntil det er på plass mangler vi en del midler til driftsstøtte for å sikre drift hele 2021.

PitStop gjør en unik jobb med å fange opp ungdom i tidlig fase og arbeide forebyggende – i stedet for å satse på reparerende tilbud når problemene har vokst seg store.



SommerTreff Sygna garanterer fellesskap og glede.  
FOTO: EIRIK THUE

## SOMMERTREFF SYGNA 2021

Måndag 21. juni startar SommerTreff Sygna 2021, eit samarbeid mellom NLM region vest og Sygna VGS.

TEKST HENNING SAGEVIK

Vi ynskjer å gje ungdommane noko av det beste Sygna og Balestrand har å by på desse dagane. Årets tema er «Ankerfestet». Jesus vil vere vårt ankerfeste – eit feste som alltid held. Ser vi på livet vårt som ein båt som er ute i storm og hardt ver, er det godt å vite at ankeret held!

**Variert program.** Aktivitetar og opplevingar er ein viktig del av SommerTreff. Dei som er glad i fotball og vil ha mykje av det, kan spele fotball kvar dag. Ynskjer ein heller å ha ulike aktivitetar kan ein velje kreativ verkstad, skyting,

volleyball, frisbee, gaming m.fl. Onsdagen får deltakarane oppleve Balestrand frå fjorden i rib-båt på veg til Kvamsøy. På programmet her står bading, padling, ulike vannaktivitetar og grilling. På kveldane er det underhaldning, og ei eiga gruppe er alt i gong med å planlegge underhaldninga.

Vi er førebudde på å måtte gjennomføre leiren med smittevernstiltak og det kan verte endringar i det vi planlegg for, men det skal vi klare.

**Ta med gjengen.** Over 30 leiarar er klare til å vere saman med ungdommane desse dagane. Kjenner du nokon i ungdomsskulealder dette kan vere aktuelt for? Kjenner du ein ungdomsleiar som kan ta med seg ungdomsgjengen sin til Sygna desse dagane? Tips dei i så fall om SommerTreff Sygna 2021! Les meir på [nlm.no/sommertreff](http://nlm.no/sommertreff).

### ARRANGEMENTSKALENDER 2020/2021

Dato	Arrangement	Alder
<b>LYNGMO</b>	<b>lyngmoinfo.no</b>	
19.–22.02	Crossroad	8. klasse +
25.–28.02	Vinterleir	4.–7. klasse
19.–21.03	Vinterleir	2.–4. klasse
26.–29.03	Palmehelgsløir for småbarnsfamilier	Familie
31.03–04.04	Familiepåskeleir	Familie
28.05–30.05	Ungdomsløir	8. kl–3. vgs
<b>SÆTERVIKA</b>	<b>setervika.no</b>	
12.–14.02	Tweensleir	5.–7. klasse
26.–28.02	Maksleir	2.–4. klasse
19.–23.03	Barnekorweekend	2.–7. klasse
16.–18.04	TenFest-leir	Tenåringer
<b>ANDRE ARRANGEMENT</b>		
09.04–11.04	TABU+ Sunnfjord	18+
24.04	Regionårsmøte	Alle
30.04–02.05	Ung:Disippel	Ungdom

Påmelding og informasjon: [nlm.no/leirvest](http://nlm.no/leirvest)

KLIPP UT  
OG HENG PÅ  
OPPSLAGSTAVLEN



FOTO: SEBASTIAN STAINES / UNSPLASH.COM